



Innkalling til årsmøte 2016

onsdag 2. mars på Kafe Jærbuen kl.19.00

Saksliste:

1. Åpning ved leder
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Valg av møteleder
4. Valg av referent
5. Valg av to til å skrive under årsmøtereferat
6. Gjennomgang av årsmelding
7. Gjennomgang av regnskap
8. Innkomne saker
9. Valg

Fagleg innslag ved Fiskå Mølle

Varmmat - kaffi

Vel møtt til alle medlemmar!

Styret i Forum Gris Rogaland

Årsmelding

Årsmøte i fjor var 26. februar 2015 på Kafe Jærbuen. Det møtte 20 medlemmer.

Styret har vore:

Leiar:	Bjørn Ståle Bekkeheien
Nestleiar:	Magnar Fjeldheim
Styremedlem:	Tormod Ropeid
Styremedlem:	Trond Kristian Refve
1. Varamann:	Inger Lise Varhaug (Møter fast på styremøtene)
2. Varamann:	Johannes Soppeland

Verv utenom styret:

Sekretær og kasserer:	Leiv Kristian Skrettingland
Regneskapsfører:	Jærøkk v/Gislaug Søyland Sele
Revisor:	Magnar Møller

Valgnemnd:

Asle Jacobsen (leiar)
Ove Ånestad
Atle Ravndal

Kontaktpersoner oppmot Reime Agri er Atle Ravndal, Lars Oftedal og Olav Tjelta. I tillegg møter lederen.

Det er nå 100 medlemmer i Forum Gris Rogaland, 3 meir enn i fjor.

2015 har vore prega av at me har kuttat utgifter for å rette opp økonomien. Rekneskapen har vist underskot dei 2 føregåande åra. me hadde som mål å få overskot i 2015, det har me klart. For å få det til har me hatt noko lågare aktivitet enn vanleg. I tillegg vart takstane for godtgjersle til styret halvert for 2015, og kontigenten vart heva til kr. 1000.

Eit anna kostnadsreducerande tiltak har vore å ikkje ta førprøvar. Dette sit langt inne, sidan føranalyser har vore eit av våre viktigaste tilbud. Me vurderte det likevel var rett på bakgrunn av at me visste at råvarekvaliteten var svært god i 2014, noko som dei siste prøvane me tok det året viste. Møllene har og bekrefta god råvaresituasjon. At det ikkje har vore pågang frå medlemmane om førprøver, bekreftar og at me har hatt godt kraftfôr.

- I 2014 har me hatt 5 styremøte, 1 møte med kvar av møllene , 1 møte med Klepp Rekneskapslag, 1 møte med Fjøsssystemer og 1 møte med Reime Agri
- Styret har behandla 12 saker.
- Styret har sendt ut 1 medlems-skriv.
- Me hadde 2 fagmøter i haust. Med FKRA på Bryne Kro og med Fiskå Mølle sin fagdag også på Bryne kro og Hotell. Ca. 25 medlemmer møtte på kvar av møta.
- FGR har vore representerte på årsmøte i Norsvin Rogaland og på Norsvin sitt Regionsmøte.
- Forum Gris tok i haust initiativet til å laga ein fellestur med våre samarbeidspartnarar til Svinekongressen i Herning. Nortura, Prima, Fatland, Fiskå Mølle og FKRA sponsa i alt 21 deltakarar. Dette er eit godt eksempel på FG sin posisjon i grisamiljøet, me kan vera paraplyen som samlar alle firma og organisasjonar.
- Dette året gjentok me opplegget med svinekongress på Utstein. 54 deltakarar gjer gode tilbakemeldinger for eit godt arrangement med mykje godt fagleg og sosialt. Opplegget med kongress eit år og julabord neste ynskjer me fortsetja med. Slakteria møllene og Klepp Rekneskapslag sponsa arrangementet, slik at prisen vart kun 1500 kr. pr persom for full pakke.
- Reime Agri har vore gjennom eit år med omstillingar, AK la ned sin i-mekavdeling. Det er nå FKRA som er forhandler. Reime har starta eit eige serviceselskap, RL teknikk. Me vil samarbeida viare med Reime om Forum gris innredning. I møte med dei har me diskutert ulike løysingar for økonomisk støtte framover. Me har framleis ein diskusjon på det, men har vore klare på at det er Reime som må gje økonomisk godtgjersle til faggruppa vår, ikkje FG. Me har nå fått inn namnet vårt, Forum gris, på innredningane me samarbeider om.
- Våren 2015 gjekk me ut med invitasjon om sponing til ei rekkje aktuelle samarbeidspartnarar. Responsen var laber, men me er glade for å ha fått 3 nye. Det er Fjøsteknikk AS med 20000 årleg frå 2016 og dei 2 rekneskapslaga, Klepp og Hå med 10000 kvar, frå 2016. Me ynskjer dei hjarteleg velkommen!
- Takk til Freddie Helgesen som stiller kontoret gratis til vår disposisjon for våre styremøter.

Ein stor takk til sponsorane våre: Fatland, Fiskå Mølle, FKRA, Nortura, Prima og Klepp Rekneskapslag (Utstein) for økonomisk og fagleg støtte som gjer det muleg for oss å driva til beste for våre medlemmer.

Valg

Innstilling frå valnemnd.

Det skal i år veljast leiar for 1 år, forslag gjenvalg på **Bjørn Ståle Bekkeheien**

2 styremedlemmer for 2 år, forslag gjenvalg på **Tormod Ropeid.**

forslag på ny, **Inger Lise Varhaug.**

1. vara forslag **Arthur Salte**
2. vara forslag **Annelin Sveinsvoll**

Revisor forslag. gjenvalg på **Magnar Møller**

Valnemnd Asle Jacobsen går ut, valnemnda føreslår ny på årsmøte.

Valnemnda føreslår at takstane for møtegodtgjersle vert gjeninnført slik dei stod før årsmøte i 2015. som var slik:

Leiar Kr. 10.000

Møtegodtgjersle: Kr. 1.500 for dagmøter over 4 timer og for kveldsmøte.

Kr. 750 for dagmøter under 4 timer

Ordninga for kjøregodtgjersle som vart innført i fjor vert føreslege å fortsetja, dvs.:

Kjøregodtgjersle skal betalast kun ved lengde over 30 km. ein veg.

